

**Arkeologiske undersøkingar av førhistoriske busetnadsspor på gnr. 97/3,
Sjøholt, Ørskog kommune, Møre og Romsdal**



Prosjektleder: Live Johannessen
Arkeologisk rapport ved Trond Eilev Linge

Universitetet i Bergen
Bergen Museum
Seksjon for ytre kulturminnevern
2009

INNHALD

1. Samandrag.....	s. 1
2. Bakgrunn.....	s. 1
3. Planområdet.....	s. 2
4. Tidlegare funn og undersøkingar på Sjøholt.....	s. 4
5. Målsetjing og aktuelle problemstillingar.....	s. 4
6. Metode og arbeidets gang.....	s. 6
7. Periodar og dateringsrammer.....	s. 8
8. Førhistorisk dyrkingslag.....	s. 9
9. Kokegroper og eldstader.....	s. 11
Kokegrop A60.....	s. 12
Kokegrop A10.....	s. 14
Kokegrop A35.....	s. 15
Eldstad A8.....	s. 16
10. Omnar.....	s. 17
Omn A34.....	s. 17
Omn A94.....	s. 20
Omn A61.....	s. 22
Oppsummering om omnane – kva slags omnar er det tale om?.....	s. 24
11. Groper.....	s. 25
12. Hus 1.....	s. 28
13. Hus 2.....	s. 33
14. Oppsummering.....	s. 37
 Referanseliste.....	s. 39

Framsidedfoto: Utsikt ut Storfjorden frå feltet etter avslutta arbeid 29. oktober med solnedgang over Hareidlandet.

Figurliste:

Figur 1 Kart over Sunnmøre med Sjøholt markert.....	s. 3
Figur 2 Sjøholt sentrum med utgravingsfeltet markert.....	s. 3
Figur 3 Omriss av feltet i kart 1:200.....	Utbrettplansje
Figur 4 Oversikt over feltet med omgjevnader sett mot søraust.....	s. 6
Figur 5 Innsyn til feltet mot aust frå Ryebakken nord for Sjøholt sentrum.....	s. 7
Figur 6 Planteikning av feltet med alle strukturar.....	Utbrettplansje
Figur 7 Foto og teikning av utsnittet av dyrkingslaget i profil.....	s. 9
Figur 8 Oversiktsfoto av søraustlege delen av feltet.....	s. 12
Figur 9 Plan- og snitteikning av A60.....	s. 13
Figur 10 Struktur A10.....	s. 14
Figur 11 A 35. Mot nord.....	s. 15
Figur 12 Struktur A8.	s. 16
Figur 13 Struktur 34 sett mot austnord aust.....	s. 17
Figur 14 Den rektangulære leirfylte delen av A34 sett mot nord.....	s. 18
Figur 15 Plan- og profildeikning av A34.....	s. 19
Figur 16 A94 i plan.....	s. 20
Figur 17 Profil gjennom A94 sett mot austnord aust.....	s. 21
Figur 18 Plan og profil av struktur A94.....	s. 22
Figur 19 Struktur A61 mot nord.....	s. 23
Figur 20 A 45 i plan mot NV.....	s. 26
Figur 21 Snitt av struktur A45 sett mot NV.....	s. 27
Figur 22 Området med hus 1.....	s. 29
Figur 23 Steinrekka ved A98 sett mot nord.....	s. 31
Figur 24 Hus 1 og steinrekka sørvest for huset. Sett mot nord.....	s. 32
Figur 25 Eit utval snitta stolpehol frå hus 1.....	s. 32
Figur 26 Eit utval stolpehol frå hus 2.....	s. 33
Figur 27 Oversikt hus 2.....	s. 34
Figur 28 Hus 2 sett mot nordvest ein av dei siste feltdagane.....	s. 36

Tabelliste:

Tabell 1 Kalibrert og ukalibrert datering av arkeologiske periodar.....	s. 8
Tabell 2 Oversikt over kokegroper på feltet.....	s. 11
Tabell 3 Oversikt over eldstadar på feltet.....	s. 11
Tabell 4 Oversikt over strukturar i kategorien ”groper”.....	s. 26
Tabell 5 Stolpehol knytt til hus 1.....	s. 30
Tabell 6 Takberande stolpar knytt til hus 2.....	s. 35

1. Samandrag

I perioden frå 6. til 29. oktober 2008 gjennomførte SFYK, Bergen Museum ei frigjevingsundersøking på Sjøholt gnr 97, bnr. 3 i Ørskog kommune i Møre og Romsdal. Deltakarar var Live Johannessen (prosjektleiар), Trond Eilev Linge (feltleiар) og Yvonne Dahl (feltassistent). Jørund Barlindhaug frå Braute Maskin AS førte gravemaskin ved avdekkinga av feltet 7.-9. oktober. Per Johansen frå Longvas Oppmåling A/S målte inn feltet med GPS 20. oktober.

Sidan tiltaket vart rekna som eit mindre privat tiltak, er det staten ved riksantikvaren som har dekkja utgiftene til utgravinga (jf. Kulturminneloven §10). Under utgravinga vart om lag 535 m² opna med maskin. Det vart undersøkt totalt 157 nedgravingar. Ti av desse vart avskreve slik at vi satt igjen med 147 strukturari form av stolpehol, grøfter, kokegroper, eldstadar, omnar og leirfylte nedgravingar. Av dei 148 strukturane er 116 dokumentert i plan og profil. Det er påvist to hus frå førromersk jernalder. Fire strukturar er tolka som omnsanlegg frå førromersk jernalder og eldre romartid. Det er også påvist fossilt dyrkingslag frå rundt midten av bronsealder. Dateringar frå to kokegroper syner at her også har vore aktivitet i eldre bronsealder og folkevandringstid.

2. Bakgrunn

Undersøkinga har bakgrunn i ei frådelingssak for bustadtomt på gnr. 97/3 på Sjøholt. I samband med at Ørskog kommune gav dispensasjon frå kommuneplanens arealdel vart det avtalt at arkeolog frå Kulturavdelinga ved Møre og Romsdal fylke skulle overvake utgravinga av tomta. Under overvakinga vart det tidleg klart at det var automatisk freda kulturminne i området, og overvakinga gjekk over til ei regulær arkeologisk sjaktregistrering. Arkeolog Kjersti Dahl ved Møre og Romsdal fylke utførte feltarbeidet 22., 27. og 29. august 2008 (Dahl 2008). Totalt påviste fylket 14 strukturar kor av tre vart tolka som kokegrop/eldestadar, ni som stolpehol medan to hadde ein meir diffus karakter. Planområdet omfatta eit areal på litt over 2500 m². Det vart påvist automatisk freda kulturminne i planområdets midtre og austnord austlege del, og ein avgrensa det funnførande arealet til om lag 1350 m². Området med påviste automatisk freda kulturminne vart lagt inn i Riksantikvaren sin database Askeladden med id. nr. 117219.

25. august 2008 sendte Møre og Romsdal fylke søknad om dispensasjon etter Kulturminnelovens §8, 1. ledd til Riksantikvaren med kopi til Bergen Museum. 11. september

2008 sendte SFYK, Bergen Museum brev til Riksantikvaren der det vart rådd til at dispensasjon vart gjeve på vilkår av nærare gransking. Det vart samtidig sendt ein prosjektpplan og eit budsjett for ei arkeologisk frigjevingsundersøking. I brev datert 19. september 2008 godkjente Riksantikvaren dispensasjonssøknaden og vedtok også kostnadsdekking av det arkeologiske arbeidet sidan tiltaket vart rekna som eit mindre privat tiltak (jf. Kulturminneloven §10).

Sidan det ikkje vart gjort funn i den vestsørvestlege delen av tomta der sjølv bustadhuset skulle først opp vart det gjeve munnleg løyve til å halde fram arbeidet med grunnmuren her sjølv om ikkje dispensasjonssøknaden var ferdig handsama. Dette medførte at det delvis gjekk føre seg arbeid på andre delar av tomta parallelt med vårt utgravingsarbeid. Strukturane i den vesle fliken lengst vest på feltet (jf. figur 6) vart snitta og dokumentert alt første feltdag for å gjere det mogleg å kome til hustomta med gravemaskin.

3. Planområdet


Planområdet ligg om lag 500 meter aust for Sjøholt sentrum (figur 1 og 2). Terrenget hellar svakt mot vestsørvest og området med påviste anlegg ligg mellom 34 og 37 meter over havet. Her er open utsikt vestover ut Ørskogvika og ytre del av Storfjorden mot Hjørungavåg på Hareidlandet. Før området vart avdekka hadde det karakter av beitemark, og det er framleis beitemark både sør og vest for planområdet (figur 4). Det er påvist fleire strukturar inntil området si sørgrense, og det er sær sannsynleg at det held fram med funn i denne retninga. Rett aust for feltet går ein grusveg til eit bustadhus med garasje som ligg rett nord for planområdet. 10 meter aust for grusvegen stuper terrenget ned i ei kløft som er grave ned i morenen av ein liten bekk. Nord for bustadhuset er ein bratt bakke ned mot ei elv som renn i retning austnordaust-vestsørvest. Det er også sær sannsynleg at det er, eller har vore, strukturar ved bustadhuset og den nemnte vegen som går ned til det.

Undergrunnen i det utgravne området bestod av grov sand, grus og vannrulla småstein, rustraud til raudbrun på farge. Det var noko variasjon over feltet når det gjaldt graden av innslag av grovare og finare massar. Matjorda var for ein stor del gråbrun humushaldig sand og grus med ein god del småstein, og djupna på den varierte mellom 25 og 35 cm. Unntaket var den delen av området i aust og sør som hadde spor av førhistorisk dyrkingslag. Djupna på

dyrkingslaga vaks jamt frå yttergrensene til ei maksimaldjupn på 120 cm der koordinatlinja 88x møtte austlege profilkant (sjå figur 6).



Figur 1 Kart over Sunnmøre med Sjøholt markert med lilla.



Figur 2 Sjøholt sentrum med utgravingsfeltet markert med rødt.



Figur 3. Omriss av feltet målt inn med GPS.



Arkeologiske utgravninger, Ørskog kommune
Gnr 97, Bnr 3

Prosjekt

Construct by
paj

Project manager

DATE

20/10-2008

ANSVARIG

SCALE

1 : 200 i A3

NUMBER

4. Tidlegare funn og undersøkingar på Sjøholt

SFYK, Bergen Museum gjennomførte i 2000 og 2001 utgravingar på eit område kalla Lånemarka under gnr. 97/6, Sjøholt. Lånemarka ligg rett nord for Sjøholt sentrum, om lag 400 meter i luftlinje vest for vårt utgravingsfelt, og noko lågare i terrenget. Her vart påvist spor av sju hus, kor av det føreligg datering frå fire som plasserar dei i bronsealder og førromersk jernalder. Under utgravinga vart det også påvist strukturar som blei tolka som omnar. Ein av desse er datert til yngre bronsealder/jernalder og ein annan til merovingertid. Det vart også påvist spor av førhistorisk jordbruksaktivitet i form av ardspor og dyrkingslag; sistnemnte med dateringar frå romartid og/eller folkevandringstid. Det vart også påvist fleire kokegroper og eldstader samt groper av meir ubestemmeleg karakter (Johannessen 2002).

I Per Fett (1950) sin serie Førhistoriske minne på Vestlandet er det nemnt ei grav under flatmark ved Årøybakken ved Ørskogelva. Grava inneheldt ei mannsgrav frå merovingertid med mellom anna einegga sverd, to spjut, øks, skjold, hakke, hammar og ljà (B7219 og B7436). Årøybakken ligg om lag 400 meter sørsørvest av vårt utgravingsfelt. I Bergen Museum sin tilvekst for 1953 er det nemnt eit steinalderfunn (B10789) frå Lånagarden, om lag 120 meter aust for Sjøholt sentrum. Her skal det over ei tredveårsperiode ha vorte plukka opp mellom anna ein spjutspiss i flint, ei tjukknakka rettegga øks, ei lita vestlandsøks i grønstein samt ein del flintavfall.

5. Målsetjing og aktuelle problemstillingar

I SFYK, Bergen Museum sin prosjektpplan (Diinhoff 2008) er problemstillingane skissert med utgangspunkt i dei moglegheitene ei samanlikning med resultata frå utgravinga på Lånemarka kan gje. Trass i at Bergen Museum gjennom åra har gjennomført fleire buplassundersøkingar på Vestlandet, har desse for ein stor del vore retta mot avgrensa områder. Med ei ny undersøking i nærområdet til Lånemarka har ein moglegheiter til å skaffe fram verdifulle data om korleis den førhistoriske gardsbusetjinga lokaliserar seg over tid. Til dømes er spørsmål kring i kva grad den førhistoriske busetnaden har skifta lokalisering over tid framleis uavklart (*ibid.*). Sidan dateringane frå vår undersøking delvis fell saman i tid med dateringane frå Lånemarka er moglegheitene for slik samanlikning absolutt til stades. Dette er likevel ikkje eit tema for denne rapporten, men kan danne grunnlag for framtidige forskingsarbeid.

På garden Hornnes i Førde er det spor av to samtidige tettliggande gardar frå førromersk jernalder (Diinhoff 1996; Berge 2006). Avstanden mellom desse er for stor til at ein kan

snakke om ein organisering i landsby, men truleg og for kort til at ein har med einskilde uavhengige gardar å gjere. Diinhoff (2008) peikar i prosjektplanen på at det finnst andre måtar å organisere seg på enn desse to motpolane, til dømes i ein meir open bygdeliknande struktur.

Undervegs i utgravinga opna det seg også for andre problemstillingar. Med to påviste hus er det av interesse å sjå korleis desse relaterar seg til kvarandre i tid. Feltet virka ”ryddig” i den forstand at her var liten grad av overlapping mellom strukturane. Vi påviste også strukturar som ikkje er direkte knytt til sjølve huskonstruksjonen som i seg sjølv fremmar spørsmålsstillingar om funksjon osv., og kva er samanhengen mellom husa og desse meir ”frittståande” strukturane?

Særleg bør ein her trekkje fram strukturar med leire i fyllen. Her er påvist fleire groper med leire og det let seg ikkje utan vidare forklare kva funksjon desse har hatt. Om det ikkje vert gjeve svar på kva desse er for noko i denne omgang, er dokumentasjon av desse strukturane viktig med tanke på å utvikle ei forståing for kva dei representerar ved seinare høve. Enkelte av strukturane med leire synast å vere omnsanlegg og gir difor høve til å trekkje fram omnsanlegga frå Lånemarka att (jf. Espelund 2002; Johannessen 2002). Samanlikning med omnsanlegga frå Lånemarka, og andre stadar, kan gje ny kunnskap om den nokså breie kategorien ”omnsanlegg” som ikkje minst er vanskeleg med tanke på kva ulike omnar har vore brukt til.

Sjølv om det ikkje vil verte problematisert nærare i denne rapporten, vil resultata frå undersøking vere nyttige i høve til forståinga av organiseringa av jarnframstilling på Sunnmøre/Vestlandet. På Ørskogfjellet er det kjent fleire jarnvinneanlegg (Tveiten 2005). Det er naturleg å sjå Sjøholt i samanheng med fjellet både i høve til spørsmål omkring bearbeiding og utskiping av produkta, organisering av produksjonen, eigarskap til ressursane og skalaen på jarnvinneproduksjonen. Tveiten sine dateringar av jarnvinneanlegga på Ørskogfjellet tyder på at desse var i bruk under folkevandringstid og merovingertid (*ibid.*:30ff), og altså ein god del seinare enn hovudtyngda av våre dateringar. Ørskogfjellet er likevel langt frå totalundersøkt med tanke på jarnvinneanlegg, og ein kan ikkje sjå vekk frå at ein i framtida vil få kunnskap om at jarnproduksjonen her går lenger bak i tid. Dei naturlege føresetnadane har i alle fall vore til stades.



Figur 4 Oversikt over feltet med omgjevnader sett mot søraust. Sjøholt sentrum ligg eit stykke utanfor høgre biletkant.

6. Metode og arbeidets gang

Det vart opna eit felt i planområdet. Det sørvestlege hjørnet av det funnførande området vart sett av til massedeponi og er såleis ikkje avdekka. Dette vart valt ut fordi fylket si registrering hadde påvist færrast anlegg i dette området, og ein kunne dermed forvente at vi gjekk glipp av færrast mogleg anlegg ved å ”ofre” nettopp dette hjørnet. Etter avslutta framreinsing var ikkje dette biletet like klart lenger; det ser ut til å ha vore nokså jamt fordelt med strukturar over heile flata.

Som utgravingsmetode vart det nytta maskinell flateavdekking. Med denne metoden vert torv og dyrkingsjord ned til meir sand- og grushaldige undergrunnsmassar fjerna med gravemaskin. Ved å reinske dei øvre cm av toppen manuelt med krafse og graveskei får ein fram fyllskifter og strukturar i undergrunnen. Ved å samanlikne og relatere strukturar til kvarandre kan ein danne seg eit bilete av korleis større anlegg, som hus, har sett ut i plan. Det tok om lag 2,5 maskindagsverk å avdekke feltet.

Etter at feltet var avdekka vart det lagt ut eit koordinatsystem med x- og y-aksar.

Koordinatsystemet vart lagt ut med teodolitt, og spikrar og merker med koordinatpunkt vart lagt ut etter behov i høve til planteikninga av feltet. Dei to hovudaksane (100x og 200y) vart saman med feltets kant målt inn med GPS.

Grensa til feltet, fyllskifter, strukturar og avgrensing av dyrkingslag langs profilkant vart teikna i plan på teikningar i målestokk 1:50. Dei fleste strukturane vart også snitta og teikna i plan og profil i målestokk 1:10 eller 1:20. Eit representativt utsnitt av dyrkingslaget vart teikna i 1:10. Dei fleste strukturane er også fotografert i plan og profil. Diverre førte kameraproblem i byrjinga av feltarbeidet samt generelt dårleg fotolys i oktober til at ikkje alle strukturar er fotografert med tilfredsstillande kvalitet.

Det vart teke ut 14C-prøver frå eit utval av strukturane. I alt 13 prøver er analysert ved Laboratoriet for Radiologisk datering ved NTNU i Trondheim.




Figur 5 Innsyn til feltet mot aust frå Ryebakken nord for Sjøholt sentrum.

7. Periodar og dateringsrammer

I rapporten vert dateringar gitt både i C14-år (bp) og kalibrert til kalenderår. Tabellen nedanfor viser korleis C14-år og kalenderår svarar til dei ulike arkeologiske hovudperiodane og underperiodane.


Hovedperiode	Underperiode	14C-år før nåtid	Kalenderår
Eldre steinalder (mesolitikum)	Tidligmesolitikum	10000 – 8500 BP	9200 – 7500 f.Kr.
	Mellommesolitikum	8500 – 7500 BP	7500 – 6400 f.Kr.
	Seinmesolitikum	7500 – 5200 BP	6400 – 4000 f.Kr.
Yngre steinalder (neolitikum)	Tidligneolitikum	5200 – 4600 BP	4000 – 3300 f.Kr.
	Mellomneolitikum A	4600 – 4100 BP	3300 – 2600 f.Kr.
	Mellomneolitikum B	4100 – 3800 BP	2600 – 2300 f.Kr.
	Seinneolitikum	3800 – 3500 BP	2300 – 1700 f.Kr.
Eldre bronsealder		3500 – 2900 BP	1700 – 1100 f.Kr.
Yngre bronsealder		2900 – 2500 BP	1100 – 500 f.Kr.
Eldre jernalder	Førromersk jernalder	2440 – 2010 BP	500 f.Kr. – 1 e.Kr.
	Romertid	2010 – 1680 BP	1 – 400 e.Kr.
	Folkevandringstid	1680 – 1500 BP	400 – 570 e.Kr.
Yngre jernalder	Merovingertid	1500 – 1210 BP	570 – 800 e.Kr.
	Vikingtid	1210 – 1000 BP	800 – 1030 e.Kr.
Middelalder	Før-reformatorisk tid		1030-1537 e.Kr.

Tabell 1 Kalibrert og ukalibrert datering av arkeologiske periodar.



8. Førhistorisk dyrkingslag

I austlege delen av feltet var det bevart førhistorisk dyrkingslag. Laget kunne følgjast uavbrote gjennom profilen frå om lag 101x/210y til om lag 82x/201y (jf. figur 6). Laget var mektigast og overleiringane djupast om lag der koordinatlinja 88x trefte profilkanten (ca 120 cm frå dagens markoverflate til toppen av undergrunnen). Her var eit søkk i undergrunnen der det samla seg vatn og gjorde arbeidstilhøva vanskelige. Det vart difor reinska fram eit utsnitt av profilen 4 meter lenger søraust (figur 6), og denne vart nytta til dokumentasjon og prøveuttak av dyrkingslaget. Profilutsnittet er gjengjeve i figur 7. Det vart teke ut ei C14-prøve frå lag 5. Prøva er datert til 2950 +/- 70 bp, kalibr. BC 1265-1015 (T-19859). I arkeologiske periodar svarar dette til siste del av eldre bronsealder og tidlegaste del av yngre bronsealder.



- Lag 1: Brun humusblanda sand og grus. Torv.
- Lag 2: Lys brun sand, grus og småstein.
- Lag 3: Mørk brun humusblanda sand, grus og småstein. Kolspetta
- Lag 4: Mørk gråbrun humusblanda sand, grus og småstein. Kolspetta.
- Lag 5: Mørk gråsvart humusblanda sand og grus. Kolspetta.
- Lag 6: Lys brun grov sand, grus og rund småstein.

Figur 7 Foto og teikning av utsnittet av dyrkingslaget i profil med uttaksstad for VP16 (C14-prøve) avmerka på teikninga. Lag 6 er undergrunn.

Det kan skiljast ut tre lag (3, 4 og 5) med restar av eldre dyrking, med basis i lagas ulike farge og innhald av minerogene massar (sjå figur 7). Lag 5 har også større innslag av kol enn dei to laga ovanfor. Sand-, grus- og småsteinslaget lag 2 må vere tilført. Det kunne observerast over eit mindre og avgrensa område i feltets austlege hjørne, og minner om flaumtilført masse.

Fleire av strukturane på flata i feltet sin austlege del, som A60, A70, A56 og A57, var gravd ned i dyrkingslaget. Det er også mogleg at årsaka til at grøfta A 28 ”forsvann” mot aust var at den blei vanskeleg å følgje i dyrkingslaget.

9. Kokegroper og eldstader

14 strukturar vart tolka som anten kokegroper eller eldstader. Fem av desse strukturane vart snitta; A8, A10, A35, A60 og A64. Dei ni som ikkje er snitta var A9, A16, A21, A36, A42, A53, A56, A57 og A73. Alle strukturar med unntak av ein låg på flaten lengst nordaust i feltet. Det er i det same området som dei fleste meir udefinerte gropstrukturane låg. Unntaket er A73 som ligg rett nord for den nordlege langveggen til hus 1.

Å skilje mellom kokegroper og eldstader kan vere vanskeleg. Eldstader er nedgravingar med masse av reint trekol eller høg grad av trekolinnblanding. Den same massen vil ein også finne i kokegroper, men desse vil også innehalde skjørbrønt stein. I regelen vil kokegroper vere djupare enn eldstader. Feilkjelder når det gjeld å skilje dei to kategoriane frå kvarandre er mellom anna at overpløgde kokegroper, eller kokegroper som er rydda for skjørbrønt stein, kan framstå som eldstader. Med desse faktorane *in mente* har det likevel vorte skilt mellom kategoriane slik at feltet er rekna å innehalde tre eldstader og elleve kokegroper. Desse er oppsummert i tabellane under:

Nr.	Form	Lengde	Breidde	Profil/djupn	Profilbr.	Sider	Botn
A9	Rundoval	128	110	-	-	-	-
A10	Rund	76	76	16	73	Skrå/rund	Rund
A21	Rund	60	60	-	-	-	-
A35	Rundoval	99	80	24	97	Rund	Rund/flat
A36	Oval	45	35	-	-	-	-
A42	Oval	100	75	-	-	-	-
A53	Rund	90	90	-	-	-	-
A56	Oval	140	90	-	-	-	-
A57	Oval	190	100	-	-	-	-
A60	Oval	198	147	39	175	Skrå	Flat
A64	Oval	104	74	14	70	Skrå	Rund

Tabell 2 Oversikt over kokegroper på feltet.

Nr.	Form	Lengde	Breidde	Profil/djupn	Profilbr.	Sider	Botn
A8	Ujamn oval	64	55	10	56	Skrå	Rund
A16	Rund	80	75	-	-	-	-
A73	Oval	60	45	-	-	-	-

Tabell 3 Oversikt over eldstadar på feltet.


Kokegrop A60

Tre av kokegropene skilde seg frå dei andre ved å vere større og kraftigare. A56, A57 og A60 låg samla i feltet sin søraustlege del (figur 8). Dei var ovale i forma, mellom 140 og 198 cm lange og mellom 90 og 147 cm breie. Alle tre var også grave ned i det fossile dyrkingslaget som ligg i dette området.

Av desse vart den største, A60, nærare dokumentert og snitta (figur 9). Nedgravinga viste seg å vere opp til 39 cm djup. Snittet viser kolhaldige lag i botnen (lag 7 og 10) med eit overliggende humushaldig lag utan kol (lag 5) før nye kolhaldige lag i lag 6 og 1. Det mellomliggende kollause lag 5 indikerar at kokegropa har vorte rydda ut og gjenbrukt minst ein gong. Det er teke ut kolprøve både frå lag 7 (VP 2) og lag 6 (VP 3), men berre VP 2 er sendt inn. Denne vart datert til 1635 +/-80 bp, kalibrert AD-345-540 (T-19858), som fell innanfor siste del av yngre romartid og folkevandringstid. Det vart funne ein rusten jarnbit (funn nr. 2) ved snutting av strukturen. Funnet vart gjort i masse tilsvarande lag 5.




Figur 8 Oversiktsfoto av søraustlege delen av feltet. Inntil feltkanten til høyre er A60. Til venstre for den A57 og A56. Foto mot austnordaust.



Figur 9 Plan- og snitteikning av A60.

Kokegrop A10

Struktur A10 var ei sirkulær kokegrop av normal storleik. Tverrmålet var 76 cm og strukturen var på det meste 16 cm djup (figur 10). Strukturen låg midt mellom takstolpane til hus 1, og vi trudde difor lenge at den kunne vere forbunde med hus 1. C14-dateringane avkreftar likevel dette. VP 19 frå struktur A10 gav dateringane 3235 +/- 90 bp, kalibrert BC 1610-1410 (T-19856). Dateringane ligg klart innanfor eldre bronsealder og struktur A10 var godt over 1000 år eldre enn hus 1.




Figur 10 Struktur A10

Kokegrop A35


Datering av VP 25 frå struktur A35 gav 2165 +/- 80 bp, kalibr. BC 365-60 (T-19855).

Massen var typisk kolgropsmasse: mørk gråbrun til svart humusblanda sand, grus og småstein med mykje kolbitar (figur 111). Struktur A 35 låg aust i feltet, nær ved omnane struktur A34 og A94. Den låg også slik til at det kunne tenkjast at strukturen var forbunde med hus 2, og det er ein viss grad av overlapping med dateringar frå strukturar knytt til hus 2. Det er også mogleg at den overlappa i tid med omnen struktur A94, medan den truleg er noko eldre enn omnen struktur A34 (sjå seinare).



Figur 11 A 35. Mot nord.

Eldstad A8



Figur 12 Struktur A8.

A8 er den einaste av dei antekne eldstadane som er snitta. Det er typisk at den er relativ grunn og manglar større skjørbrent stein. Lokaliseringa på feltet gjer at A8 og A73 truleg skal oppfattast som frittståande utandørs eldstadar i nær tilknytning til busetjingsområdet. Eldstaden A16 ligg derimot slik til i høve til strukturane som dannar hus 2 at det kan ha vore ein innandørs eldstad i dette huset (sjå vidare under hus 2).

10. Omnar

Det vart påvist fire strukturar som er tolka å tilhøyre kategorien omnar. Dette dreia seg om leirfora strukturar der delar av leira er varmpåverka (raudbrent). Strukturane har nemningane A34, A61, A70 og A94. Alle låg i den søraustlege delen av feltet. A70 framstod som ein rest av ein struktur som kan ha vore lik A34, og vart ikkje undersøkt nærare. Den bestod av lys grøn leire med mørkbrun humusblanda sand og grus rundt. Dei tre andre er undersøkt nærare og vil bli omtala i det følgjande.

Omn A34

I plan hadde struktur 34 form av eit rektangel på om lag 160 x 90 cm med ei om lag 190 cm lang grøft ut frå det eine hjørnet. Massen bestod for ein stor del av leire. Denne var grønleg i strukturen sin ytterkant (jf.lag 1 i figur 15). I midtpartiet var leira dels noko sot- og kolblanda (lag 2) og dels raudleg etter varmpåverknad (lag 3). Over lag 2 og 3 låg det steinheller. I sørvestlege del av rektangelet var eit lag av mørkbrun humus- og kolblanda grov grus og småstein. Mot nordaust gjekk det ut ei smal grøft av brun kolblanda grov grus (lag 6). Det vart funne nokre få bitar av brente bein i lag 1, medan lag 4 inneheldt noko fleire bitar brente bein.



Figur 13 Struktur 34 sett mot austnordaust med stolpehola A17 (til venstre ved enden av grøfta ut frå A34) og A18 nærast kamera. kokegropa A35 til høgre bak A34 . Målestokk = 110 cm.

Tolkinga av struktur A34 som omn byggjer mellom anna på bruken av leire som foring og at den i midtpartiet bar preg av å vere utsatt for varme. Vidare er det mogleg at grøfta som gjekk ut mot nordvest (lag 6) er rest etter ei form for luftinntak. Denne kan ha vore forbunde med det kol- og humusiblanda leirlaget i lag 5.

Det vart teke ut ei 14C-prøve frå profilen av lag 4 (VP 1). Denne vart sendt inn til analyse og gav dateringa 2035 +/- 80 bp (Kalibr. BC 155 – AD 70) (T-19852).



Figur 14 Den rektangulære leirfylte delen av A34 sett mot nord.

Lag, A34:

Lag 1: Grågrøn leire

Lag 2: Gråbrun leire, noko sot- og kolblanda

Lag 3: Raudleg varmpåverka leire

Lag 4: Mørkbrun kol- og humusinnblanda grov grus og småstein

Lag 5: Mørk brun humus- og koliblanda leire


Lag 6: Brun kolinnblanda grov grus

Lag 7: Raudbrun grov grus og småstein

Lag 8: Brun humusinnblanda leire

Lag 9: Brun kolinnblanda grus og sand

Heller: Karakteristiske flate heller i midten av strukturen. Nok ei helle (ca. 20x40 cm) låg over lag 3, men vart fjerna av gravemaskina under avdekking.



Figur 15 Plan- og profildekning av A34. Planteikning sett mot nordnordøst. Lysgrå stein er heller, mørkegrå er vanleg stein.

Omn A94

I plan var struktur A94 sirkulær med ei rett "side" med ein diameter på om lag 90 cm.

Anlegget bestod ytst av eit tynt (3-4 cm) lag lys grågrøn leire (lag 3, sjå figur 18), men i plan mangla laget ved den rette "sida". Dette laget kunne også følgjast i det meste av snittet, men mangla i botnen av strukturen. Lag 2 låg innanfor dette laget igjen og bestod av rustraud leire. Laget var spetta med nokre få kolbitar. Fargen på leira syntest å vere resultat av varmpåverknad. Lag 1 var eit 2-3 cm tjukt lag som låg ovanfor lag 2 i midten av strukturen, og bestod av gråbrun humushaldig sand, grus og småstein som var spetta med kol. I snittet var strukturen på det meste 10 cm djup. Den hadde ei jamn avrunda nedgraving og nesten flat botn.



Figur 16 A94 i plan. Sett mot nordnordvest.




Figur 17 Profil gjennom A94 sett mot austnordaust.

Massen som vart fjerna for å få fram strukturen sin profil vart sålda, men det vart ikkje gjort funn. Det er teke ut ei kolprøve frå lag 1 (VP 4). Denne vart sendt inn og blei datert 2240 +/- 80 bp (Kalibr. BC 390-185) (T-19853). Dateringane svarar til førromersk jernalder, og tangerar langt på veg dateringane frå dei to husa som er identifisert på feltet (sjå seinare).

A94 er tolka som omn på bakgrunn av leirforinga ytst i strukturen. Denne kan følgjast gjennom det meste av strukturen. I partiet der den manglar har det kanskje vore ei opning? Vidare var det innanfor den ytre leirforinga varmepåvirka leire spetta med kol. I midten av strukturen var det også eit lag med større mengder kol. Den skil seg frå A34 mellom anna ved å vere vesentleg mindre og sirkulær i forma. Her er heller ikkje teikn til den moglege luftkanalen frå A34.

Lagdeling, A94:

- 1: Gråbrun humushaldig sand, grus og småstein. Spetta med kol.
- 2: Rustraud leire. Spetta med nokre få kolbitar.
- 3: Lys grågrøn leire
- 4: Raudbrun sand og grus og små vannrulla steinar.



Figur 18 Plan og profil av struktur A94.

Omn A61

I plan framstod struktur A61 som ei sirkulær nedgraving med ein diameter på om lag 100 cm. I det indre av strukturen var eit 5-10 cm breitt band av grønleg leire i form av ein halv ring rundt kjerna av strukturen, som bestod av eit mørkebrunt kolhaldig humusiblanda grus- og sandlag. Ved snitting av strukturen kunne leirlaget følgjast klart som ei brei-V-form gjennom heile snittet (figur 19). I eit lite parti over den grønne leira var den varmpåverka og raud på

farge (lag 5). Over leirlaget låg det mørkebrune kolhaldige humusiblanda grus- og sandlaget. Under leirlaget eit svakt kolinnblanda sand- og gruslag. Total djupn på nedgravinga var 39 cm.

Tolkinga av struktur A61 som omn hengjer først og fremst saman med det klare leirlaget som ein kan gå ut frå stammer frå ei foring. Varmeaktivitet er dokumentert gjennom den raudbrente leira i lag 5 og kolet i lag 3. Kolprøve VP 30 er teke ut i lag 3. Denne er datert til 1945 +/- 55 bp, kalibr. AD 10-125 (T-19851) som svarar til eldre romartid.



Figur 19 Struktur A61 mot nord. Målestokk på foto er 20 cm.

Oppsummering om omnane – kva slags omnar er det tale om?

Omnar er ein vid kategori og det kan tenkjast fleire funksjonar ein omn kan ha hatt i førhistorisk tid; frå daglegdags brødbaking til funksjonar knytt til produksjon av husgeråd og varer som keramikk og metall (bronse og jarn) og vidare smiing av jarn. Kunnskapen om ulike typar omnar er framleis mangelfull; ein har til dømes få døme på omnar nytta i jarnframstillinga i den aller tidlegaste fasen av jarnalderen i Noreg. Tolkinga vert og gjort vanskelegare av at store delar av omnsanlegga har stått i pløyelaget slik at det vi finn att som regel berre er den botnen av anlegga som plogen ikkje har nådd ned til. Ein kan likevel argumentere seg fram til tolkingsforslag ved å sjå på omnsstrukturar som er funne andre plassar samt samt studere korleis moderne rekonstruksjonar av ulike eldre omnstypar setter spor etter seg i undergrunnen. Dei tre omnane som er omtala her er i utgangspunktet forskjelligearta og kan ha hatt ulike funksjonar. Dei synast heller ikkje å overlappe kvarandre i tid, men følgjer tett på kvarandre.

Følgjande moment kan vere relevante for omnane:

Omnsanlegg A34 bestod for ein stor del av grågrøn leire, men særleg inn mot midten av anlegget var leira sot- og kolblanda og/eller raudfarga av varmpåverknad. Ved eine kortsida var eit sirkulært parti av mørk brun humus- og koliblanda leire (lag 5 i figur 15).

Samansetninga her har ein del til felles med struktur A93 frå utgraving av eit førromersk jarnalders gardsanlegg på Mo i Ørsta kommune (jf. Diinhoff 2005:fig. 9). Søren Diinhoff tolka denne omnen som ein kuppelforma keramikkomn. Her finn ein både ei samansetninga av ubrent og brent leire i strukturens si flate og eit parti av trekolhaldig leire som kan samanliknast med lag 5 i A34 frå Sjøholt. Hovudforma og storleiken på dei to strukturane er også samanliknbare. Omnen frå Mo manglar noko som svarar til den avlange grøfta som kan vere spor av eit lengre luftinntaksrør på A34. Det synast likevel som dei to anlegga kan samanliknast.

Omnsanlegg A94 ser ut til å vere annleis enn A34. Det vi har att er dei nedre 10 cm av eit anlegg som har vore tilnærma sirkulært i form. Anlegget har vore leirfora i botnen (kanskje også i kantane høgare oppe) og bruk av sterk varme har ført til at den indre delen av leirforinga har vorte raudbrent. Kanskje kan anlegget knyttast til tidleg jarnproduksjon? Anlegget ser ut til i alle fall å ha enkelte fellestrekk med korleis tidlege jarnframstillingsomnar frå Danmark, den såkalla Skovmark-typen, ser ut i botnen (jf Jensen

2003:149ff). Dei har leirforing i botn av den konisk sjakta som har utgjort sjølve omnen og grunnflata ligg i underkant av 1 meter. Dei har også hatt ei opning nær botnen av omnen og det er kanskje denne vi ser igjen i det rette partiet på den elles sirkulære forma til struktur A94 i plan (sjå figur 18)? Her må det likevel skytast inn at det ikkje er funne slagge eller andre jarnframstillingsrestar ved strukturen eller elles på feltet, så tolkinga står langt frå på trygge bein.

Omnsanlegg A61 har det til felles med A94 at den i lag 2 har ei gjennomgåande leirforing som kan oppfattast som ein botn av eit større leirfora anlegg. Her er på den andre sida fylt på masse under leirforinga (jf. lag 4 og 6 i figur 19). Som i A94 finn ein også her raudbrent leire over den grågrøne leira (jf. lag 5), men ikkje like omfattande. Det er mogleg det dreier seg om ein omn med liknande funksjon, men også ved A61 heftar det så mange usikre moment at noko i nærleiken av ei definitiv tolking ikkje kan presenterast her.

11. Groper

Feltet inneheldt i alt 11 strukturar som vi valde å plassere i den nokså breie kategorien "groper". Som med kokegropene og eldstadane låg også desse lengst nordaust på feltet. Til dømes var strukturane A63 og A65-A69 alle groper og låg på ei rekke nær feltkanten.

Groper er her oppfatta som erkjente nedgravingar utan likeframt forståelege funksjonar. Enkelte groper hadde form som kokegropar, men mangla dei skjørbrante steinane og den koldominerte massen. Andre groper på feltet var djupe og hadde meir form som store stolpehol, men ut frå samanhengen er det lite truleg at dei har fungert som dette. På grunn av gropene sin diffuse karakter vart det vektlagt å sålde masse frå dei strukturane som vart fjerna. Dette i håp om å gjere funn som kunne setje ein på sporet av kva funksjonar dei har hatt. Bortsett frå nokre brente beinbitar frå A45 vart det ikkje gjort funn i nokon av gropene. Eit trekk som gjekk att i åtte av gropene var leire i fyllmassen. Leire var elles på feltet assosiert med strukturane som vart tolka som omnsanlegg, men leiren i gropene viste ingen stader spor av varmpåverknad. Ei mogleg forklaring på enkelte av gropene med leire er at dei representerer lagre av leire til bygging og vedlikehald av omnsanlegga på feltet. Kva for gropstrukturar som inneheld leire går fram av kommentarfeltet i tabell 4.

Nr.	Form	Lengd	Breidde	Profil/djupn	Pr. breidde	sider	Botn	Kommentar
A20	Oval	80	50	-	-	-	-	Ikkje leire
A32	Rund	94	90	50	-	Rund	Flat	Ikkje leire
A40	Oval	64	44	10	56	Rund/skrå	Skrå	Leire
A45	H-form	170	150	32	170	Runde	Rund/flat	Leire
A54	Oval	98	84	62	100	Rund	Rund	Ikkje leire
A63	Ujamn oval	108	55	16	108	Skrå	Rund	Leire
A65	Oval	100	75	12	64	Skrå	Rund	Leire
A66	Rund	65	60	-	-	-	-	Leire
A67	Rund	105	98	34	105	Rett/skrå	Flat	Leire
A68	Pære	130	25	-	-	-	-	Leire
A69	Pære	150	80	-	-	-	-	Leire
A149	Rund	70	67	12	62	Rund	rund	Ikkje leire

Tabell 4 Oversikt over strukturar i kategorien ”groper”.



Figur 20 A 45 i plan mot NV. Målestokken er 20 cm.

Grop A45

Av gropene skilde A45 seg som ein uvanleg nedgraving. Den vart først oppfatta som to avlange nedgravingar, men finopprensinga avslørte at desse hang saman så det danna ei H-form i plan (figur 20). Massen bestod av brunsvart humusiblanda sand og grus med mykje kol og sot. Her var også litt leire i flekkvise førekomstar. Karakteristisk var også dei reiste hellene som låg på rekke. Av snittet kan ein få inntrykk av at desse har stødd opp om noko, om lag som skoningsteinar (figur 21). Massen frå A45 vart sålda og det vart funne enkelte fragment av brente bein (funn nr. 9 og 10). Det er vanskeleg å seie noko sikkert om kva A45 representerte. Ein kan ikkje sjå vekk frå at den eigentleg bestod av fleire nedgravingar som delvis har gått over i kvarandre.



Figur 21 Snitt av struktur A45 sett mot NV. Målestokken er 20 cm.


12. Hus 1

Hus 1 var eit treskipa langhus som låg rett NNV for feltets Y-akse. Husets lengderetning var NA-SV og det følgde om lag fallet i terrenget. Slik huset er tolka har det vore minst 15 meter langt og om lag 6 meter breidt. Usikkerheita med lengda heng saman med at husets ende i SV er uavklart som følge av mykje stein i dette området. Steinen synast å ha vore plassert på tvers av lengderetninga til hus 1, og ein kan ikkje sjå vekk frå at steinen har vore ein del av huskonstruksjonen, til dømes i sørvestlege kortvegg eller som ei indre inndeling (jf. figur 23 og 24). Det talar i mot det siste at det mangla stolpehol som kan relaterast til hus 1 sørvest for steinrekka. Tolkinga av steinrekka vert ytterlegare komplisert av ei fortetting av stolpehol i dette området samt ein del stolpehol mot sør. I felt hadde vi lenge håp om å identifisere eit hus i nordleg – sørleg lengderetning på tvers av hus 1, men dette let seg ikkje gjere. Ei C14-prøve av struktur A104, som ligg noko utanfor sørlege veggstolperekke på hus 1 er C14-datert til 2485 +/- 85 bp, kalibrert til BC 790-405 (T-19850). Dette gir ein peikepinn på at det også kan ha stått hus her før hus 1 vart reist.

Det er datert kolprøver frå to av stolpehola i hus 1, og desse står godt opp om kvarandre: VP 12 er frå struktur A76, som er tolka som spor etter ein takberande stolpe, og gav 2280 +/- 85 bp, kalibrert BC 395-240 (T-19854). VP 10 er frå A100, som er tolka som veggstolpe. Dateringa her er 2290 +/- 80 bp, kalibrert til BC 400-205 (T-19847). Det tyder på at hus 1 var i bruk ein gong i løpet av 3. og 4. århundre før vår tidsrekning.

Dimensjonane til stolpehola går fram av tabell 5 (sjå også figur 25). Dei takberande var som regel noko kraftigare enn veggstolpane. Djupna på takberande stolpar varierte frå 4 til 50 cm, men dei fleste låg i intervallet mellom 15 og 20 cm. Veggstolpane var mellom 6 og 14 cm djupe, men dei fleste under 10 cm. Ein einskild veggstolpe, A47, var 29 cm djup. Denne kan ha stått i nordaustlege enden. Det vart funne nokre små brente beinbitar ved opprens av A26 (funn nr. 4) og A39 (funn nr. 5). Elles er det ikkje gjort funn i tilknytning til hus 1.

Av figur 22 går det fram at dei takberande stolpane ikkje har stått parvist parallelt på rekke som i vanlege grindkonstruksjonar. Dette tyder på at huset har vore bygd som ein såkalla underremskonstruksjon (Diinhoff 2007:8ff). I denne konstruksjonsmåten kviler bindebjelken oppå sideåsane slik at vekta av taket vert fordelt jamnare mellom dei takberande stolpane. I den meir vanlege overremskonstruksjonen vert vekta av taket fordelt ned gjennom sideåsane til dei enkelte stolpepara gjennom bindebjelken (*ibid.*).



Figur 22 Området med hus 1. Stolpehol tilhørende hus 1 i lilla. Grøfter i gult, kokegroper/eldstader i raudt, groper i lilla og andre stolpehol i blått.

Type	Struktur	Form	Lengde	Breidde	Profil/djupn	P.br.	Sider	Botn
Stolpe	11	Oval	50	30	11	30	Rund	Rund
Stolpe	12	Oval	31	22	8	18	Rund	Rund
Stolpe	13	Oval	50	28	20	38	Rund	Spiss
Stolpe	14	Rund	36	32	16	34	Skrå/rund	Rund
Stolpe	23	Rund	36	36	17	43	Rund	Rund
Stolpe	24	Oval	52	30	16	34	Rund	Rund
Stolpe	26	Rund	39	38	21	39	Skrå/rund	Rund
Stolpe	37	Rund	19	18	6	24	Rett	Flat
Stolpe	38	Oval	42	28	6	20	Rett	Flat
Stolpe	39	Oval	28	18	8	18	Rett	Flat
Stolpe	44	Trekant	41	38	28	32	Rund	Rund
Stolpe	47	Rund	48	44	29	56	Rund	Flat
Stolpe	48	Rund	28	26	10	28	Rund	Rund
Stolpe	49	Rund	26	24	8	22	Rund	Rund
Stolpe	50	Rund	30	24	7	24	Rund	flat
Stolpe	51	Oval	56	32	50	23	Rett/ujamn	Spiss
Stolpe	74	Rund	28	26	10	28	Rund	flat
Stolpe	75	Oval	60	48	10	56	Rund/rett	Flat
Stolpe	76	Rund	38	34	18	34	Rund	Flat
Stolpe	77	Oval	44	36	16	38	Rund	Rund
Stolpe	78	Rund	30	30	-	-	-	-
Stolpe	81	Oval	48	34	9	34	Rund	Rund
Stolpe	87	Rund	42	39	8	32	Rund	rund
Stolpe	88	Rund	42	40	18	42	Skrå/rett	Flat
Stolpe	89	Rund	20	20	6	20	Rund	Flat
Stolpe	90	Oval	56	32	14	38	Rund	Rund
Stolpe	92	Rund	25	25	6	23	Skrå/rund	Rund
Stolpe	93	Rund	36	34	13	36	Rett	Flat
Stolpe	98	Rund	28	28	6	26	Rett	flat
Stolpe	99	Rund	49	47	21	49	Rund/rett	Flat/rund
Stolpe	100	Rund	32	32	9	32	Skrå/rund	Flat
Stolpe	101	Rund	28	26	9	22	Skrå	Flat
Stolpe	121	Rund	33	32	6	30	Rund	Rund
Stolpe	122	Rund	40	40	8	26	Rett	Flat
Stolpe	123	Ujamn rund	50	46	8	50	skrå	skrå
Stolpe	129	Oval	40	34	6	36	Rund	Rund
Stolpe	131	Rund	46	46	18	46	Rett	Flat
Stolpe	132	Rund	22	22	6	18	Rett	Flat
Stolpe	138	Oval	56	28	6	42	Skrå	Flat
Stolpe?	139	Oval	39	28	4	28	Rett	Flat
Stolpe	140	Rund	21	20	11	20	Rund	flat
Stolpe	155	Rund	20	20	14	19	Rund	Rund

Tabell 5 Stolpehol knytt til hus 1.



Figur 23 Steinrekka ved A98 sett mot nord (A98 er naraste struktur, bak ligg A122, A98 osv.)

Massen i dei fleste stolpehola var mørk brun humushaldig sand og grus med noko kol. Enkelte av stolpehola nær den nordaustlege enden var mørkare på farge og hadde større innhald av kol enn elles i hus 1. Her var også litt leire iblanda enkelte stolpehol som til dømes A47.


Sørvest for hus 1 og steinrekka følgjer to grøfter, A110 og A124, terrenget nedover. Relasjonen til hus 1 tyder på at dei kan ha med avrenning eller drenering ut frå husområdet å

gjere. A110 og A124 bestod av gråbrun humushaldig sand med små mengder kol. Forma på A110 var jamn rund og djupna 14 cm der den vart snitta.



Figur 24 Hus 1 og steinrekka sørvest for huset. Sett mot nord.

VEGGSTOLPAR:



TAKSTOLPAR:



20 cm


◊ = stein
 ⌢ = leire

Figur 25 Eit utval snitta stolpehol frå hus 1. Alle sett mot nord.


13. Hus 2

Hus 2 låg i feltets søraustlege del. Det var eit langhus med lengderetning søraust-nordvest (figur 27). Huset bestod av ei grøft (A28) som gjekk ved nordvestlege kortside og langs størstedelen av nordaustlege langside. Innanfor grøfta låg seks par av det som må ha vore takberande stolpar parallelt med grøfta (det manglar truleg ein stolpe mellom A141 og A147). Det vart ikkje identifisert sikre veggstolpar til huset, men strukturar som A151, A152 og A19 kan ha vore del av husets sørvestlege langside. Huset kan ha vore samtidig med hus 1. Ei C14-prøve frå grøfta A28 er datert til 2320 +/- 80 bp, kal.: BC 410-255 (T-19857). Stolpeholet A18 er datert til 2245 +/- 80 bp, kal.: BC 395-190 (T-19848). Undergrunnen var tilnærma plan ved husets søraustlege ende og svakt hellande nedover mot vest i den nordvestlege.

Dei fleste stolpehola var klare og djupe med rette nedgravingar, men der var også enkelte grunne som A33, A79 og A148 (sjå figur 26 og tabell 6). Stolpeholet A17 var berre 8 cm djupt, men her låg tett i tett med heller som til eit slags fundament. Massen i dei fleste stolpehola bestod av mørk gråbrun humusiblanda sand og grus med litt kol. Grøfta A28 hadde likeeins masse. Unntaket var A120 der fyllen bestod av lys brun, sand, grus og småstein. Det er difor noko usikkert om A120 skal oppfattast som eit stolpehol. Det er ikkje gjort funn i nokon struktur som er direkte knytt til hus 2.



Figur 26 Eit utval stolpehol frå hus 2.



